



NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET

Postboks 8090 Dep

0032 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon

Anveig Nordtug Wist, 73 19 93 37

Høyringsfråsegn- etablering av et tillatelsesregime for havbruk til havs og endringer i yttergrensene i produksjonsområdeforskriften

Statsforvaltaren i Trøndelag har motteke høyringsforslag om endring av yttergrensene til prosjeksjonsområda og havbruk til havs. Vi ønsker her å støtte dei delane av forslaget som viser tiltak for å minske den belastninga forslaget vil føre til på naturen og dei anadrome laksefiskbestandane og å påpeike at auka biomasse auker påverkinga på miljøet.

Noreg har eit særleg ansvar for forvaltning av populasjonar av Atlantisk laks. Vi har i tillegg ratifisert konvensjon om biologisk mangfald (Rio-konvensjonen) eit auke fokus på å nå FN sine berekraftsmål, mellom anna med Stortingsmelding 40 (2020-2021), Mål med mening. I 2015 kom Stortingsmelding 14 (2015-2026), Natur for livet- norsk handlingsplan for naturmangfold. Natur for livet har som visjon at vi om 28 år: «I 2050 er biologisk mangfold verdsatt, bevart, restaurert og brukt på en fornuftig måte slik at økosystemtjenester opprettholder en sunn planet og gir livsviktige goder til alle mennesker». Dette forpliktar.

Laks (*Salmo salar*) er vurdert til å være nær trua etter Raudslista i 2021. I Raudlistevurderinga er det oppgitt «Innkryssing av rømt oppdrettslaks og lakselus er vurdert som de største truslene mot laksen». I tillegg oppgir dei infeksjonar knytta til oppdrett som ei anna påverking. Oppdrett med lakselus og genetisk ureining er i tillegg vurdert som eit ikkje-stabilitert trugsmål, det betyr at ein ventar at trugsmålet aukar i framtida.

Vitenskaplig råd for lakseforvaltning (VRL) har komme med ei ny vurdering av tilstanden for sjøaurebestandane i Noreg. Lakselus er vurdert til å vere det klart største trugsmålet mot sjøaurebestandane i Noreg. Av 215 vassdrag som er vurderte i Trøndelag har berre 10 % god tilstand, mens 47 % har moderat tilstand, 33 % i dårleg tilstand og 5 % i svært dårleg tilstand. Lakselus påverkar klart mest ved kysten, med avtakande påverkingar innover i Trondheimsfjorden.

Statsforvaltaren ser mykje positivt med forslaget, mellom anna at det skal forvaltast etter akvakulturlova, naturmangfoldlova og ureiningslova. Om forslaget går igjennom støtter vi og ser behovet for konsekvensutgreiing. Ved auka bruk av havet mein Statsforvaltaren i Trøndelag det bør



gjennomførast langtidsundersøkingar for å vurdere den faktisk påverkinga havbruket får etter etablering.

Statsforvaltaren i Trøndelag støtter bruk av kunnskap og modellering for å minimere den samla belastninga laks -og sjøaurebestandane blir påverka av, jamfør naturmangfaldlova § 10. Vi registrer at yttergrensa ved produksjonsområde 6 er forslått på 8 nm sør for 64 ° og 1nm nord for 64° , mens PO 7 si yttergrense er forslått til 1 nm. Vi registrerer at det er forslag om biomassebonus ved flytting til havs. Modelleringa til Havforskningsinstituttet viser at smittepresset i Trøndelag når relativt langt ut, og at smittepresset avtek rask dei først 10 nm.

Vi oppmodar om bruk av føre-varprinsippet når ein skal fastsette yttergrensene og for vurdering av biomasse, òg til havs. Som det står i forslaget vil akvakultur til havs påverke naturen på mange av dei same måtane som ved kysten og auka biomasse vil føre til auka risiko for påverkingar for artar og natur, inkludert laks.

Forslaget peiker på ei rekke usikkerheiter og kunnskapshol, mellom anna i vandringsrutene for postsmolt langs kysten og korleis ein skal spore individa ved ei eventuell rømming. Her bør det gjerast meir forskning for å sikre kunnskap.

Det er foreslått ei tidsavgrensing på 25 år for kvar tildeling noko som er vurdert naudsynt for å vere føreseielege for næringa. Statsforvaltaren i Trøndelag ser den raske endringa som har skjedd i forvalting av trua og sårbare artar og natur dei siste 25 år og ønsker å påpeike at desse endringane truleg skjer raskare dei neste 25 år. Korleis vil tildelingane som skjer no bli påverka av til dømes ei endring i forvalting av biologisk mangfald eller ei endring i vurderingane på Raudlista?

Slik det ser ut no vil det ikkje vere mogleg å auke biomassa i havet utan auka belastning for naturen. Statsforvaltaren i Trøndelag oppmodar NFD om å ta med alle dei tiltaka høyringsforslaget inneheld for å minimere påverkinga forslaget vil ha for laks, sjøaure og andre sårbare og trua artar og naturtypar.

Med hilsen

Gry Tvedten Aune (e.f.)
seksjonsleder
Seksjon naturmangfold

Anveig Nordtug Wist
seniorrådgivar
Seksjon naturmangfold

Dokumentet er elektronisk godkjent